

2017

Kvam heradsstyre og andre folkevalde organ sin rett til innsyn i saksdokument

Vik, Kari Weltzien

Adstringo

01.01.2017

1.1

Kvam heradsstyre har som overordna organ for all verksemd i heradet rett til innsyn i alle kommunale saksdokument, med dei presiseringar som følgjer av reglane nedanfor.

1.2

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ har rett til innsyn i saksdokument når desse gjeld dei delane av kommunen si verksemd som organet handsamar. I tillegg kan desse organa krevje innsyn i dokument som ligg innanfor andre delar av den kommunale verksemda, når dette er naudsynt ved konkret sakshandsaming av ei sak i organet.

2. Vedtak om innsyn

2.1

Medlem og varamedlem av folkevald organ har rett til innsyn i dokumenta i saker som skal handsamast i organet.

2.2

Minst tre medlemmer i heradsstyret kan krevje innsyn i alle kommunale saksdokument når tidspunktet for innsyn ligg føre, jf. pkt. 3. Ordføraren har sjølvstendig rett til innsyn i alle saksdokument på tilsvarande grunnlag.

2.3

Formannskapet, faste utval og andre folkevalde organ kan vedta innsyn for sin eigen bruk i andre organ sine dokument når minst 1/3 av medlemene røystar for dette.

3. Tidspunkt for rett til innsyn

3.1

Retten til innsyn tek til å gjelde når saka er framlagd/send til politisk handsaming. Saman med saksframstillinga skal det følgje ei oversikt over alle dokumenta som er innsende, innhenta eller utarbeidde i samband med saka, med unntak av interne arbeidsdokument for administrasjonen.

3.2

For saker som skal avgjerast i administrasjonen gjeld retten til innsyn først når saka er ferdig handsama.

Særskilde reglar for innsyn i opplysningar undergjevne teieplikt m.m.

4.1

I utgangspunktet gjeld ikkje retten til innsyn opplysningar som er underlagde teieplikt. Heradsstyret og andre folkevalde organ kan likevel ved fleirtalsvedtak krevje innsyn i slike opplysningar når dette er naudsynt ved handsaming av ei konkret sak i organet, jamfør forvaltningslova § 13 b nr. 2 og 4.

4.2

Folkevalde har teieplikt i høve til dokument som er underlagt teieplikt etter lov.

Om ei sak vert handsama for stengde dører etter kommunelova § 31, pliktar dei folkevalde å teia om dei opplysningane som er underlagt teieplikt etter lov.

Medlemmer av folkevalde organ skal skrive under på ei erklæring om teieplikt når dei får innsyn i opplysningar som etter lov er undergjevne teieplikt.

5. Framgangsmåten ved krav om innsyn - tilhøvet til administrasjonen

5.1

Førespurnad om innsyn i saksdokument skal handsamast straks. Slike spørsmål til administrasjonen skal gå tenesteveg. Dette betyr at ein folkevald skal retta sin førespurnad via ordførar som tar dette vidare opp med rådmannen.

5.2

Spørsmål til administrasjonen om saker som er under handsaming, bør det svarast positivt på ved at det vert gjeve ei kort orientering om måten saka vert handsama på, tidsplan og liknande. Dersom ein folkevald eller eit utval har spørsmål til administrasjonen skal dette rettast til rådmannen.